



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Årsrapport 2014

– plansaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal





Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Notat 06.01.2015

Sveinung Dimmen
Samordnar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Årsrapport 2014

- plansaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Innhald

- 1. Fylkesmannen sine oppgåver i plansaker etter plan- og bygningslova**
- 2. Planlegging som verktøy for samfunnsutvikling og samfunnsendring**
- 3. Planstatistikk 2014**
- 4. Typer plansaker; kommunevis**
- 5. Kommunal planstrategi og rullering av kommuneplan**
- 6. Motsegner**
- 7. Mekling**
- 8. Dispensasjonar og klager**
- 9. Oppsummering**

1. Fylkesmannen sine oppgåver i plansaker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (tbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har også rolle som meklar i plansaker der det ligg føre motsegn.

Om planoppgåver i Embetsoppdraget 2014

For Fylkesmannen sine oppgåver knytt medverknad til kommunal og regional planlegging, kan det visast til **Embetsoppdraget for 2014** under resultatområde **66.5 Planlegging og geodata**; sjå <http://www2.fylkesmannen.no/enkel.aspx?m=71906&amid=3644999>

Under overskrifta *Faste oppgaver knyttet til 66.5 Planlegging og geodata* er det gjort nærmere greie for Fylkesmannen sine oppgåver knytt til

Bærekraftig arealpolitikk og by- og samfunnsutvikling og til *Fylkesmannen som rettsikkerhetsgarantist og samordner av statlige interesser*. For meir om dette; sjå <http://www2.fylkesmannen.no/enkel.aspx?m=71908>

Rammer og retningslinjer for Fylkesmannens roller og oppgåver på plan- og miljøområdet er i hovudsak trekt opp av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Prioriterte oppgåver innan miljø- og planområdet blir også formidla og utdjupa frå Klima- og miljødepartementet og frå Miljødirektoratet) til Fylkesmannen i brev, møte og konferansar. Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar. Fylkesmannens oppgåver ved regional- og kommunal planlegging er sentrale verkemiddel for å gjennomføre regjeringa sin politikk på ei rekke område.

Fylkesmannen har ei viktig rolle for å medverke til ei bærekraftig utvikling gjennom si oppgåve med å samordne ei rekke samfunnssektorar på regionalt nivå. Fylkesmannen har eit overordna miljøansvar, samtidig med eit eige resultatansvar på miljøvern-, forureinings-, naturforvaltnings- og planområdet.

Embetsoppdraget frå KMD omtalar oppgåveporteføljen Fylkesmannen har på planområdet uavhengig av korleis embeta har organisert arbeidet. Embetsoppdraget på planområdet må derfor sjåast i samanheng med tildelingsbrevet frå KMD, samt andre departement sine embetsoppdrag.

I samband med framlegging av statsbudsjettet for 2015 den 08.10.2014 vart det gjennom Prop. 1 S (2014 – 2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet knytt nærmere kommentarar til Fylkesmannen si rolle i kommunale plansaker. Her heiter det m.a. under Programkategori 13.25 Fylkesmannsembetene:

...Fylkesmannen skal synliggjøre kommunenes handlingsrom innenfor planområdet. Fylkesmannen skal være spesielt oppmerksom på om kommunene har oppdaterte kommuneplaner med både samfunns- og arealdel. Dette vil legge til rette for mer effektive plan- og byggeprosesser og gi et større rom for lokalt selvstyre. Et sentralt bidrag for å nå Regjeringens klimamål er Fylkesmannens oppfølging av vedtatte klima- og energiplaner gjennom plan- og bygningsloven. Samordnet areal- og transportplanlegging følges opp slik at offentlige virksomheter, næringsvirksomhet og boligbebyggelse lokaliseres ut fra et helhetlig bærekraftig perspektiv. Fylkesmannen skal påse at kommunene avklarer arealreserver og tilrettelegger for tilstrekkelig arealbehov til boliger, særlig i byer med befolkningspress. Kommunenes arealdisponering skal ivareta målene for bærekraftig utvikling. Fylkesmannen skal følge opp behandlingen av saker omfattet av forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre...

2. Planlegging som verktøy for samfunnsutvikling og samfunnsendring

Den kommunale planlegginga skal etter plan- og bygningslova samordne både den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga. Kommunal planlegging er i lys av dette eit viktig verktøy for utvikling og styring både av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon.

Regional og communal planstrategi

Regional og communal planstrategi er innført som nye verktøy i plan- og bygningslova (tbl 2008). I samsvar med tbl § 10-1 skal kommunane pålagt å utarbeide ein communal planstrategi i kvar kommunestyreperiode, og seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Fylkestinget skal i løpet av den same perioden vedta ein regional planstrategi som skal avklare dei regionale planbehovna. Fylkeskommunen bør i samarbeid med kommunane her legge opp til eit opplegg som sikrar samordning. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil også kunne rette søkelys mot ei nærmare drøfting og avklaring av behovet for interkommunalt samarbeid.

Viktige føringar for arbeidet med regional og communal planstrategi er forankra i *Nasjonale forventningar til regional og communal planlegging*, vedtatt av regjeringa 24.06.2011 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/med/dok/veiledninger/2011/nasjonale-forventninger-til-regional-og-.html?id=649923> Forventningsdokumentet omfattar seks hovudtema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskapning og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Eit viktig prinsipp i den nye plan- og bygningslova (pbl 2008) er ei sterkare kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Kommuneplanens samfunnsdel vil med utgangspunkt i den kommunale planstrategien gi overordna mål og føringar for utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon. Dette dannar utgangspunkt for arealdelen som i neste omgang gir retning og rammer for den vidare fysiske detaljplanlegginga gjennom område- eller detaljregulering.

Kommuneplanen vil også etter behov gi grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde i kommunen. Kommuneplanarbeidet heng også tett saman med andre planprosessar, styringssystem og rapporteringsverktøy i kommunen. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen vidare skal følgjast opp i løpet av neste fire-årsperiode, og skal gjennomgå ein årleg revisjon.

Økonomiplanen etter kommunelova sin §44 kan inngå i handlingsdelen. Utfordringa for mange kommunar er å utvikle kommuneplansystemet til eit integrert og heilskapleg styringsverktøy for administrative og politiske vurderingar og prioriteringar. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil her kunne inngå som eit viktig grep.

Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar ser vi også at kommunane i sterkare grad har retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til tema som *folkehelse* og *levekår*. Med den nye *Folkehelselova* og med *Samhandlingsreforma* har kommunane m.a. fått eit større ansvar knytt til førebyggande folkehelsearbeid. Folkehelse og levekår vil slik kunne løftast opp og inngå som eit gjennomgående perspektiv i den kommunale planlegginga.

Fylkesmannen sine fokusområde:

Kommunal planlegging som verktøy og rammeverk

- Kommuneplansystemet etter plan- og bygningslova
- Nasjonale og regionale føringar
- Kommunal planstrategi
- Kommuneplan med samfunnsdel og arealdel

Aktuelle temaområde for høyringsuttale frå Fylkesmannen i kommunale plansaker

- Planfaglege merknader; prosess og produkt
- Natur- og miljøvern; landskap, friluftsliv, strandsone, viltinteresser, vegetasjon
- Landbruk; jordvern, skogbruk, aktivt landbruk
- Samfunnstryggleik; ROS-analyse
- Barn og unge; Oppvekstmiljø, leikeplassar, trafikksikring
- Universell utforming; tilrettelegging, inkludering, deltaking
- Folkehelse; levekår, nærmiljø

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar

- legge auka vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet
- formidle tidleg og aktivt dei nasjonale forventningane og nasjonal politikk i den regionale og kommunale planlegginga

Motsegn skal om nødvendig brukast for å sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonale og regionale interesser og for å få fram gode løysingar.

Opplæring og kompetansebygging

Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen eit viktig ansvar for rettleiing og kunnskapsformidling retta mot kommunane på planområdet. Som eit ledd i dette har Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og KS gjennomført ein tre-dagars felles konferanse om planlegging, bummiljø og folkehelse. Konferansen som var lagt til Molde 4. – 6. november samla om lag 100 deltakrar.

Hovudtema for årets plankonferanse var bukvalitet og oppvekstmiljø, der søkelyset m.a. vart retta mot trafikktryggleik, planlegging for sykkel, nærmiljøkvalitetar, medverknad frå barn og unge og bustadstrategiske tiltak i bygd og by. Plankonferansen var i år utvida til ein tredje dag med ein workshop i samfunns- og kommuneplanlegging i eit helseperspektiv. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gitt økonomisk støtte til plankonferansen. Workshopen vart finansiert av KS. For meir om programmet og presentasjonane frå konferansen; sjå <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Plankonferansen-2014/>

Ny regjering og ny departementsstruktur

Planseksjonen i tidlegare Miljøverndepartementet er frå 01.01.2014 overført til det nye Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD); sjå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd.html?id=504> Med dette er både plan- og byggesaker etter plan- og bygningslova samla i eitt departement.

Planavdelinga sine hovedoppgåver omfattar m.a.

- Oppgåver som øvste nasjonale administrative planmyndighet
- Sektorovergripande samordnarrolle
- Ansvar for regional arealpolitikk
- Ansvar for utvikling av samfunnsplanlegging som styringsverktøy for kommunane
- Utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Søkelys på byutvikling og bypolitikk
- Søkelys på planlegging i LNF-område, strandsone, fjell, utmark, distrikt..
- Politikkutvikling for geodata og eigedomsdata
- Etatsstyring av Kartverket

For meir om KMD sine oppgåver etter plan- og bygningslova; sjå

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/tema/plan--og-bygningsloven.html?id=748189>

Frå KMD si side blir det elles peika på at i forhold til plansaker ligg både *Plan- og bygningslova* og *Naturmangfoldlova* fast. Det same gjeld for *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* vedtatt av kgl.res. 24.06.2011, samt statlege planretningslinjer og statlege planbestemmelser. Regjeringa har likevel varsla at det på sikt vil kunne bli endringar både knytt til lovverk, rammer og retningslinjer. Regjeringa har også gitt politiske signal og føringar knytt til praksis rundt regional og kommunal planlegging og plansaksbehandling. Krav om forenkling, fornying og forbetring av offentleg forvaltning har blitt løfta fram. Regional og kommunal planlegging vil i lys av dette vere eit viktig styringsreiskap for samfunnsutvikling og omstilling.

Viktige signal frå regjeringa (jf. Nettverkssamling for kommunal- og regional planlegging Oslo 01. - 02.12.2014):

Eit overordna politisk mål er knytt til «raskere og meir forutsigbare prosesser med sterke lokaldemokratisk forankring».

Søkelys på lovendringar og forenkling omfattar m.a.:

- Forenklingar i plandelen av plan- og bygningslova
- Revisjon av KU-forskrifta
- 4-årige evalueringsprogram for plan- og bygningslova
- Digitalisering av offentleg forvaltning og arbeidsprosessar

Vidare er innsatsen retta mot tidleg medverknad og betre samordning:

- Vekt på gode planprosesser der interessene kjem fram tidligare og tydelegare
- Forsøk med samordning av statlege interesser i planlegginga blir utvida
- Nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Nye nasjonale forventningar i 2015

Det blir også peika på samfunnssikkerheit og klimatilpassing; søkelys på betre rettleiing og samordning. Erfaringar frå dei siste åra viser at därleg planlegging medverkar til naturskadar.

Arbeidet med ny kommunereform har som eitt av fleire hovudmål styrking av samordna lokal og regional utvikling i alle deler av landet.. Det skal gjerast utgreiingar på regionalt nivå.

Arbeidet med kommunal planstrategi til her kunne vere eit nyttig verktøy.

3. Planstatistikk FMMR for 2014

Planstatistikk 2014

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2014 behandla til saman 1140 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (tbl). Tilsvarande tal for 2013 var 1100, medan det for 2012 vart registrert 1189 og for 2011 registrert 1032 saker. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Statistikken for 2014 viser at aktiviteten på plansida er stor. Samla tal på plansaker for inneverande år (535 ekspedisjonar) ligg om lag på nivå med dei føregåande åra. Plansakene fordeler seg mellom reguleringsplanar og kommune(del)-planar. Av desse utgjer reguleringsplansakene hovudtyngda (om lag 90%). Vi ser likevel at talet på kommuneplansaker har auka dei siste par åra. Omfanget og kompleksiteten i kommuneplansakene vil elles gjerne vere vesentleg større enn i reguleringsplansakene.

Talet på dispensasjonssaker etter pbl (605 saker) ligg framleis høgt, og høgre enn for fjoråret. Det kan søkast om dispensasjon frå kommuneplan eller frå reguleringsplan. Ei generell utfordring for fleire av kommunane vil vere mangel på oppdaterte planar – i første rekke på oversikts-/kommuneplannivå. Dei fleste sakene er knytt til dispensasjon frå kommuneplanen (over 80%).

Av fylket sine 36 kommunar har 35 av kommunane i løpet av perioden 2011 - 2014 utarbeidd kommunal planstrategi. Utarbeiding av kommunale planstrategiar representerer ei ny oppgåve for kommunane. For kommunane har arbeidet med dei kommunale planstrategiane vore eit nyttig verktøy for å skaffe ein samla oversikt over plansituasjonen og planbehovet i den enkelte kommunen. Av dette framgår m.a. at dei fleste av kommunane i fylket har starta arbeidet med rullering av sine overordna kommuneplanar (samfunns- og arealdel), eller har varsle oppstart om dette i løpet av planperioden 2011 - 2015.

Mange kommunar slit elles både med kapasitet og kompetanse på planområdet. Arbeidet med dei kommunale planstrategiane har her vore eit nyttig verktøy for å skaffe ein samla oversikt over plansituasjonen og planbehovet i den enkelte kommunen.

I tillegg til viktige kontrolloppgåver har Fylkesmannen saman med fylkeskommunen ei sentral rolle i forhold til oppfølgjing og rettleiing av kommunane i plansaker. Nye planformer og aktivitetar knytt m.a. til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, arbeid med kommunal planstrategi, og større vekt på kommuneplanens samfunnssdel som overordna utviklingsverktøy for kommunane kan nemnast her. Departementet har utarbeidd omfattande informasjon og rettleiing knytt til regional og kommunal planlegging etter pbl. Løpende oppdateringer er tilgjengeleg på <https://www.regjeringen.no/nb/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/id2008185/>

Tabellen under viser samla oversikt for behandling av plan- og dispensasjonssaker etter pbl hos FMMR i 2014. Tilsvarande registreringar for 2010 - 2013 er også tatt med:

Plansaker og dispensasjonssaker etter pbl; samla oversikt 2014

	2010	2011	2012	2013	2014
Reguleringsplan	459	480	496	471	477
Kommune(del)plan	36	37	48	86	56
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	x
Regionale planar	-	-	6	5	2
Plansaker samla	495	517	584	567	530
Dispensasjonssaker samla	628	520	605	533	605
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100	1140
Motsegner (tal planar)	39	62	63	64	58
Meklingsmøte	4	7	6	8	3
Planar sendt departementet	2	0	3	1	3
Klager - dispensasjonsøknader	18	18	21	3	6

Tabell: Behandla plansaker/ekspedisjonar hos FMMR 2010 - 2014.

Forklaring

- manglar data/registrering
- X ikkje aktuelt/relevant

Merk: Statistikken for plansakene omfattar tal på ekspedisjonar/høyringsbrev. Fylkesmannen gir høyringsuttale til kommunale planar både i forkant og undervegs i planprosessen. I forhold til årsstatistikken vil nokre planar/plansaker såleis kunne bli registrert meir enn ein gang. Når det gjeld planstrategiar, dispensasjonar og motsegner er det derimot tal på planar som er registrert.

Kvartalsvis oversikt

På tilsvarende vis som tabellen for samla årsoversikta er det utarbeidd kvartalsvise oversiktstabellar (sjå under). Av dette ser vi at plansakene fordeler seg relativt jamnt over året. Dette gjeld også i hovudtrekk i forhold til dei to føregåande åra. Den kvartalsvise oversikta knytt til dispensasjonssaker er ikkje tilgjengeleg for 2010 og 2011.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i fjerde kvartal 2014 (perioden 01.10 – 31.12) behandla 276 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova. Tilsvarande tal for 3. kvartal 2014 var 223, for 2. kvartal 353, og for 1. kvartal 278. For 2014 omfattar dette samla 1140 saker/ekspedisjonar. Statistikken for 2013 viser at det på årsbasis vart registrert 1100 slike saker/ekspedisjonar. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Tal på ekspedisjonar knytt til **reguleringsplansaker** for 4. kvartal (110 saker) ligg om lag på nivå for same periode dei føregåande åra; jf. tal for 4. kvartal 2013 (med 105 saker), 2012 (131 saker) og for 2011 (123 saker). Tal for ekspedisjonar knytt til **kommuneplanar og kommunedelplanar** viser at nivået er uendra i forhold til fjoråret, men ein klar auke i forhold til dei føregåande åra; jf. 15 ekspedisjonar i 4. kvartal 2014, mot 17 i 2013, 9 i 2012 og 9 i 2011.

Talet på **dispensasjonssaker** for 4. kvartal i 2014 (med 152 saker) ligg vesentleg høgare enn tilsvarande tal for 4. kvartal i 2013 (116 saker), men på nivå med tal frå 2012 (150 saker). Samla tal på disp.saker i 2014 (605 saker) utfordrar med dette «toppåra» 2010 (med 628 saker på årsbasis) og 2012 (605 saker). Årsakene til det høge talet på disp.saker kan vere fleire og ulike. Ei generell utfordring for fleire av kommunane er framleis mangel på oppdaterte planar – i første rekke på oversikts-/kommuneplannivå. Dei fleste kommunane er likevel no godt i gang med rullering av sine kommuneplanar slik det tidlegare er varsle i samband med dei kommunale planstrategiane. Rulleringsarbeidet omfattar både kommuneplanens samfunnssdel og kommuneplanens arealdel. Dei fleste kommunane er her enno i ein tidleg fase av planprosessen, og det vil såleis enno gå lang tid før ny overordna plan er vedtatt.

Oversikt plan- og dispensasjonssaker 1. kvartal 2014 (01.01. – 31.03.)

	2010	2011	2012	2013	2014	1.kv. 2010	1.kv. 2011	1.kv. 2012	1.kv. 2013	1. kv. 2014
Reguleringsplan	459	480	496	471		118	120	143	121	146
Kommune(del)plan	36	37	48	86		9	10	8	18	7
Kommunal planstrategi	x	x	31	5		x	x	2	1	x
Regionale planar	-	-	*6	5		-	-	1	1	1
Plansaker samla	495	517	584	567			130	154	141	154
Dispensasjonar	628	520	605	533		-	-	142	128	134
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100		-	-	298	269	278
Planar m motsegn RP										16
Samla tal planar m motsegn RP + KP	39	62	63	64		14	21	25	14	17
Meklingsmøte	4	7	6	8		-	1	3	4	1
Planar sendt departementet	2	0	3	1		-	-	0	0	0
Klager - dispensasjonsøknader	18	18	21	3		3	5	3	1	1

Oversikt plan- og dispensasjonssaker 2. kvartal 2014 (01.04. – 30.06.)

	2010	2011	2012	2013	*2014 1.hå	2.kv. 2010	2.kv. 2011	2.kv. 2012	2.kv. 2013	2.kv. 2014
Reguleringsplan	459	480	496	471	280	115	130	112	139	134
Kommune(del)plan	36	37	48	86	21	9	10	20	21	14
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	X	x	x	8	2	x
Regionale planar	-	-	*6	5	2	-	-	1	1	1
Plansaker samla	495	517	584	567	303		130	141	155	149
Dispensasjonar	628	520	605	533	338	-	-	191	148	204
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100	641	-	-	332	303	353
Planar m motsegn RP					26					10
Samla tal planar m motsegn RP + KP	39	62	63	64	29	14	21	25	14	12
Meklingsmøte	4	7	6	8	1	-	1	3	4	0
Planar sendt departementet	2	0	3	1	2	-	-	0	0	2
Klager - dispensasjonsøknader	18	18	21	3	4	3	5	3	1	3

Tabell: Behandla plansaker/ekspedisjonar FMMR 2010 - 2014

Forklaring

- manglar data/registrering

X ikkje aktuelt/relevant

Oversikt plan- og dispensasjonssaker 3. kvartal 2014 (01.04. – 30.06.)

	2010	2011	2012	2013	*2014 t.o.m. 30.09.	3.kv. 2010	3kv. 2011	3.kv. 2012	3.kv. 2013	3.kv. 2014
Reguleringsplan	459	480	496	471	367	88	123	111	106	87
Kommune(del)plan	36	37	48	86	41	10	9	7	12	21
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	X	x	x	9	1	X
Regionale planar	-	-	*6	5	2	-	-	0	1	0
Plansaker samla	495	517	584	567	410		130	141	120	108
Dispensasjoner	628	520	605	533	445	-	-	130	141	115
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100	855	-	-	257	261	223
Planar m motsegn RP					34					8
Samla tal planar m motsegn RP + KP	39	62	63	64	41	8	16	11	20	12
Meklingsmøte	4	7	6	8	3	-	1	1	0	2
Planar sendt departementet	2	0	3	1	2	-	-	1	0	0
Klager - dispensasjonsøknader	18	18	21	3	6	3	5	4	0	2

Oversikt plan- og dispensasjonssaker 4. kvartal 2014 (01.10. – 31.12.)

	2010	2011	2012	'2013	2014	4.kv. 2010	4.kv. 2011	4.kv. 2012	4.kv. 2013	4.kv. 2014
Reguleringsplan	459	480	*496	471	477	88	123	131	105	110
Kommune(del)plan	36	37	*48	86	56	10	9	9	17	15
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	X	x	x	14	1	X
Regionale planar	-	-	*6	5	2	-	-	2	2	0
Plansaker samla	495	517	*584	567	535	-	-	156	125	125
Dispensasjoner	628	520	605	533	605	-	-	150	116	152
Sum planar og disp.	1123	1032	1189	1100	1140	-	-	306	241	277
Planar m motsegn RP					50					16
Motsegner (tal planar)	39	62	63	62	58	8	16	13	9	17
Meklingsmøte	4	7	6	8	3	-	-	0	4	0
Planar sendt departementet	2	0	3	1	3	-	-	2	0	1
Klager - dispensasjonsøknader	18	18	21	3	6	2	3	4	1	0

Tabell: Behandla plansaker/ekspedisjonar FMMR 2010 - 2014

Forklaring

- manglar data/registrering

X ikke aktuelt/relevant

4. Typar plansaker; kommunevis

Talet på plansaker til behandling hos FMMR knytt til kommune(del)- og reguleringsplanar varierer kommunane i mellom; sjå tabellar under. Den kommunale planaktiviteten går gjerne i «bølger» knytt til rullering av eldre planar og/eller oppstart av nye. Store kommunar har elles naturleg nok gjennomgåande større aktivitet på plansakområdet enn dei små kommunane; jf. bykommunane Molde og Ålesund. Kristiansund representerer likevel eit unntak her.

Hovudtyngda av kommunale plansaker til behandling hos Fylkesmannen er knytt til reguleringsplanar (om lag 90%). Desse er av to typar; områderegulering og detaljregulering. Medan kommunane sjølv ofta tar ansvar for områdereguleringa, blir det meste av detaljreguleringa initiert av private aktørar og gjennomført i tett samarbeid med private konsulentfirma.

Manglande oppdatering/rullering av overordna kommuneplan skaper ofte utfordringar for ei meir heilskapleg og langsiktig arealforvaltning. Utfordringar knytt til den kommunale planlegginga avspeglar også at kommunane i fylket er svært ulike i forhold til folketal, næringsstruktur, naturgrunnlag, sentralitet m.v. Mål, strategiar og tiltak vil såleis måtte tilpassast situasjon og behov i den enkelte kommune.

Kommunestatistikk plansaker

Kommune(del)-plan; kommuneoversikt 2014

	Kv. 1 01.01 – 31.03	Kv. 2 01.04 – 30.06	Kv. 3 01.07 – 30.09	Kv. 4 01.10 – 31.12	2014 01.01 – 31.12
Aukra					0
Aure	1				1
Averøy				1	1
Eide					0
Fræna					0
Giske		1		2	3
Gjemnes			2		2
Halsa		1			1
Haram					0
Hareid					0
Herøy	1		3	2	6
Kristiansund	1		2		3
Midsund	1		1		2
Molde		2	2	1	5
Nesset					0
Norddal				1	1
Rauma		1			1
Rindal		1		1	2
Sande		1	2	1	4
Sandøy					0
Skodje	1			2	3
Smøla			1		1
Stordal				1	1
Stranda					0
Sula		1	1		2
Sunndal		1			1
Surnadal		2			2
Sykylven		1			1
Tingvoll	1		2		3
Ulstein		1			1
Vanylven		1	1		2
Vestnes				1	1
Volda	1		2	1	4
Ørskog					0
Ørsta		1	1	1	3
Ålesund					0
T.s. alle kom.	7	14	21	15	57

*Nokre av planane er «fellesplanar» (interkommunale) planar mellom to eller fleire kommunar

Tabell: Kommunale plansaker FMMR 2014; **Kommune(del)-planar**

Kommunestatistikk plansaker

Reguleringsplan; kommuneoversikt 2014

	Kv. 1 01.01 – 31.03	Kv. 2 01.04 – 30.06	Kv. 3 01.07 – 30.09	Kv. 4 01.10 – 31.12	2014 01.01 – 31.12
Aukra	4	1	5	5	15
Aure	7	8	1	2	18
Averøy	5	1	2	1	9
Eide	1	1	0	1	3
Fræna	7	11	3	7	28
Giske	11	5	5	5	26
Gjemnes	8	2	1	2	13
Halsa	0	3	2	0	5
Haram	9	6	6	4	25
Hareid	2	4	2	0	8
Herøy	7	3	3	9	22
Kristiansund	4	0	0	1	6
Midsund	3	1	1	1	6
Molde	14	13	4	9	40
Nesset	3	3	2	0	8
Norddal	6	7	3	1	17
Rauma	5	8	0	3	16
Rindal	1	0	2	0	3
Sande	1	0	0	1	2
Sandøy	2	2	0	2	6
Skodje	0	3	3	3	9
Smøla	0	0	0	1	1
Stordal	0	1	0	2	3
Stranda	10	4	1	4	19
Sula	6	6	5	5	22
Sunndal	1	2	5	2	10
Surnadal	2	1	1	2	6
Sykylven	4	2	3	3	12
Tingvoll	1	1	0	2	4
Ulstein	6	4	3	5	18
Vanylven	0	0	0	0	0
Vestnes	5	8	2	4	19
Volda	3	3	5	0	11
Ørskog	3	2	3	2	10
Ørsta	1	2	2	3	8
Ålesund	10	14	11	17	52
T.s. alle kom.	146	134	87	105	377

Tabell: Kommunale plansaker FMMR 2014; **Reguleringsplanar**

5. Om arbeidet med kommunal planstrategi og rullering av kommuneplan

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis. Planstrategien vil elles vere eit nyttig verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden knytt til ulike typar kommunedelplanar (temaplanar, sektorplanar og områdeplanar).

Fylkesmannen har i perioden 2011 – 2014 hatt til høyring utkast til kommunal planstrategi frå 35 av fylket sine 36 kommunar. Planstrategiane sendt på høyring viser variasjon både i form og innhald, men mange har tatt utgangspunkt i det rettleiingsmaterialet som er utarbeidd av departementet (tidlegare MD, no KMD). Viktige rammer og føresetnader vil elles variere kommunane i mellom med utgangspunkt i lokale og regionale utviklingstrekk og utfordringar, knytt både til samfunns- og arealutvikling, og til kommunal tenesteyting.

Plansituasjonen og planbehovet vil variere kommunane i mellom, og arbeidet med planstrategien vil ha dette som eit viktig utgangspunkt. Av planstrategiutkasta som er sendt på høyring ser vi at status for mange kommunar er «utdaterte» kommuneplanar – dette omfattar både samfunnssdelen og arealdelen av kommuneplanen. Behovet for revisjon og rullering av dei overordna planane er såleis stort. Vi ser også at dette av kommunane sjølv er trekt fram som ei prioritert oppgåve i det vidare kommunale planarbeidet. I tråd med dette ser vi så godt som alle kommunane i fylket har varsle rullering av overordna kommuneplan (samfunnssdel og arealdel) i løpet av kommunestyreperioden 2011 – 2015. Status per i dag viser at mange av kommunane er godt i gang med rulleringsarbeidet (sjå tabell under).

Eit viktig prinsipp i den nye plan- og bygningslova (tbl 2008) er ei sterkare kopling mellom samfunnssdelen og arealdelen i kommuneplanen. Samfunnssdelen vil med utgangspunkt i den kommunale planstrategien gi overordna mål og føringar for utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon. Dette dannar utgangspunkt for arealdelen som i neste omgang gir retning og rammer for den vidare fysiske detaljplanlegginga gjennom område- eller detaljregulering. Frå Fylkesmannen si side har vi i tråd med dette tilrådd at kommunane startar med rullering av samfunnssdelen før arealdelen.

Kommuneplanen vil også etter behov gi grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde i kommunen. Kommuneplanarbeidet heng også tett sammen med andre planprosessar, styringssystem og rapporteringsverktøy i kommunen. Utfordringa for mange kommunar er å utvikle kommuneplansystemet til eit integrert og heilskapleg styringsverktøy for administrative og politiske vurderingar og prioriteringar. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil her kunne inngå som eit viktig grep.

Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar ser vi også at kommunane i sterkare grad har retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til folkehelse og levekår. Med den nye Folkehelselova og med Samhandlingsreforma har kommunane m.a. fått eit større ansvar knytt til forebyggande folkehelsearbeid. Folkehelse og levekår vil slik kunne løftast opp og inngå som eit gjennomgående perspektiv i den kommunale planlegginga.

Kommunestatistikk plansaker

Kommunal planstrategi 2011 – 2015 - kommuneoversikt

Kommune	FMMR sak nr	Status gjeldande K-plan; vedtak (kjelde: kom. planstrategiar)		Rullering av K-plan; oppstart 2012-2015 (evt. u. arbeid/vedtak)	
		Samfunnssdel	Arealdel	Samfunnssdel	Arealdel
Aukra	12/7534	2011	2006	2015	2012
Aure	12/4933	2008	2008	0	2012
Averøy	12/6562	2009	2009	2013	2013
Eide	12/7511	2004	2005	2013	2014
Fræna	12/6441	2005	2003	2015	2012
Giske	12/7900	2009	2009	2013	2015
Gjemnes	13/0271	2003	2003	2015	2013
Halsa	12/5778	1998	1998	2012	2012
Haram	12/6726	2007	1999	2013	2013
Hareid	12/7497	2006	2012	2016	2012
Herøy	12/6723	2001	2004	2012	2012
Kristiansund	12/4572	2007	2011	2012	2012
Midsund	13/2640	2011	1997	0	2014
Molde	12/4675	2002	2010	2012	0
Nesset	12/7242	2012	2012	2012	2012
Norddal	12/3528	2007	2012	2014	2016
Rauma	11/7658	2006	1995	2012	2013
Rindal	13/1792	2011	2002	2014	2013
Sande	12/2200	2009	2002	0	2012
Sandøy	manglar	2011	?	?	2012
Skodje	12/2087	2007	2007	2012	2013
Smøla	12/5046	2007	2008	2012	2012
Stordal	12/3581	manglar	2003	2014	?
Stranda	12/2999	manglar	1992	2014	2013
Sula	12/4692	2011	2006	0	2013
Sunndal	12/6496	2007	2007	2012	2012
*Surnadal	?	2009	2007	2013	2013
Sykylven	12/6377	2011	1989	0	2012
Tingvoll	12/4664	2007	2007	2013	2013
Ulstein	13/7816	2009	2011	2015	2015
Vanylven	12/5268	2009	1993	?	2012
Vestnes	12/3127	2006	2006	2013	2013
Volda	10/5689	1997	1990	2013	2013
Ørskog	12/3761	2007	2006	2014	2012
Ørsta	11/3842	1999	1991	2012	2012
Ålesund	12/8207	2008	2008	2013	2014
MR fylkeskom	11/4815	Fylkesplan 2012		Fylkesplan 2016	

Tabell: Kommunal planstrategi 2012 – 2015; markering (gult) for rulleringsarb. påstarta i perioden

Merk:

0; ingen rullering planlagt for inneverande k-styreperiode

?; opplysning manglar, eller event. tidspunkt for rullering blir vedtatt seinare

*: Høyringsutkast til kps for Surnadal har vore sendt MR fylkeskommune, men ikke FMMR.

6. Motsegn

Statlege og regionale organ kan fremje motsegn (innsigelse) mot kommunale planar som er i strid med nasjonale interesser. Statlege og regionale organ skal medverke i planarbeidet slik at desse interessene vert innarbeidd i planane. Reglane om motsegn skal sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonal eller regional politikk.

Fylkesmannen grip inn i kommunal arealforvaltning ved å varsle eller fremje motsegn, og ved å klage på vedtak i dispensasjonssaker. For meir om motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova kan det visast til eit eige rundskriv H-2/14

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/rundskriv/2014/rundskriv-h-214---supplering-av-rundskri.html?id=751295>.

Om nytt rundskriv om retningslinjer for motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova
Dei siste par åra har det vore debatt om praktiseringa av det s.k. innsigelses-/motsegnsinstituttet. Som eit resultat av dette er det no sett i gang prøveordningar med utvida oppgåver/fullmakt til Fylkesmannen knytt til samordning av statlege motsegner. Dette er organisert som tre-årige pilotprosjekt i seks fylke; jf.

http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/andre/brev/utvalgte_brev/2013/forsok-statlige-innsigelser.html?id=730080

Forsøksordninga vil i 2015 bli utvida til å omfatte seks nye fylkesmannsembete. FMMR har i desember 2014 søkt om å få delta i det utvida forsøket. Målet er å medverke til ei effektivisering av kommunane sitt planarbeid og at dialogen med statlege sektormyndigheter skal bli enklare. Rettleiing om nasjonal politikk/mulig grunnlag for motsegn skal formidlast så tidleg som råd i planprosessen. Dette vil kunne redusere talet på motsegner.

Eit nytt rundskriv T-2/13 av 27.08.2013 om retningslinjer for motsegn i plansaker vart sendt ut av Miljøverndeparetementet. Nytt i forhold til tidlegare rundskriv T-2/95 er m.a.

- Større vekt på medverknad
- Større vekt på samordning
- Tydelegare om rutinar og roller
- Meir vekt på å løyse saker
- Behov for vidare rettleiing og oppfølging

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev av 17.02.2014 sendt ut ei oppdatering av rundskriv T-2/13: *Rundskriv H-2/14 supplering av rundskriv T-2/13 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven; sjå*
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/rundskriv/2014/rundskriv-h-214---supplering-av-rundskri.html?id=751295>. I det nye rundskrivet H-2/14 er departementsnamnet endra i tråd med ny oppgåvefordeling i regjeringa. Elles er innhaldet/formuleringane i rundskriv T-2/13 vidareført. Kommunal- og moderniseringsministeren har likevel i samband med dette sendt ut eit eige brev til departamenta, fylkesmennene, fylkeskommunane og kommunane med nokre utfyllande merknader og presiseringar; sjå
http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/andre/brev/utvalgte_brev/2014/rundskriv-h-214---supplering-av-rundskri.html?id=751306 Her blir det m.a. peika på at:

- Flest mulig saker skal løysast så tidleg som råd
- Krav om meir effektiv behandling av plansaker etter pbl

- Sørge for tidleg medverknad og dialog
- Viktige interesser skal kome fram så tidleg som mulig
- Rask og effektiv saksbehandling
- Hensynet til lokaldemokratiet skal tilleggast større vekt
- Motsegn skal berre fremjast når nødvendig og skal alltid grunngivast konkret
- Fylkesmann og fylkeskommune skal samarbeide og samordne motsegner m.a. gjennom bruk av planforum og gjennom mekling

Om praksis i plansaker og motsegner hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal

I forhold til gjeldande praksis i plansaksbehandlinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det lite grunnleggande nytt i dette; i hovudsak omfattar dette rammer og prinsipp som er godt ivaretatt også i dag. Utfordringane sett frå Fylkesmannens side er i første rekke knytt til den praktiske oppfølginga. Mangel på ressursar og kapasitet medfører ofte vanskar med å følgje opp kommunane i tilstrekkeleg grad i forhold til tidleg kontakt, synfaringar/møte, dialog og rettleiing under vegs. Manglande plankompetanse og plankapasitet i kommunane (jf. KS-kartlegginga), forsterkar sjølvsagt dette forholdet.

Motsegn i plansaker kan grupperast i to hovedtyper:

- Motsegner av «teknisk» karakter knytt til feil eller manglar i samband med planprosess, kunnskapsgrunnlag eller plandokument. Eksempel på dette kan vere manglende kartlegging og/eller vurderingar i forhold til ulike typar krav og spesifikasjonar; jf. ROS-analyse, støykartlegging, leikeplassnorm, vurderingar etter naturmangfaldlova m.v.
- Motsegner av fagleg karakter knytt til meir fagspesifikke eller tematiske vurderingar t.d. landskap, friluftsliv, grønstruktur, strandsone, barn og unge, universell utforming, folkehelse, klima, kjøpesenter, samordna bustad,- areal og transportplanlegging m.v.

Motsegn fordelt på plantypar

FMMR har i 4. kvartal 2014 fremma motsegn til 17 planar (16 reguleringsplanar og 1 kommuneplan). I høve til det samla talet på plansaker samla er det likevel få motsegner. For fjerde kvartal 2014 (01.10 – 31.12) er det frå Fylkesmannen si side reist motsegn til ca. 15% av reguleringsplansakene. I forhold til kommuneplanens arealdel vil det oftaast vere knytt motsegn både til ulike tema og delområde i samband med første gangs offentleg høyring.

Omfanget og kompleksiteten i slike overordna planar tilseier at det her meir unntaksvise vil vere planar utan motsegn. Fylkesmannen har her oppmoda kommunen til å gå i vidare dialog med motsegnsinstansane for å finne løysingar utan å gå vegen om formell mekling.

	Kv. 1 01.01–31.03	Kv. 2 01.04–30.06	Kv. 3 01.07–30.09	Kv. 4 01.10–31.12	2014 01.01– 31.12
Kommuneplan - arealdel	1	2	4	1	8
Reguleringsplan	(10.9%) 16	(7.4%) 10	(9.1%) 8	(15.2%) 16	(10.6%) 50
Planar med motsegn samla	17	12	12	17	58

Merknader og Motsegner fordelt på plantema kvartalsvis 2014

Til same plan kan det vere fremma fleire motsegner ut frå ulike tema/fagområde. Særleg gjeld dette kommuneplanar. Dersom ein tar utgangspunkt i typar plantema det er knytt motsegn til fordeler dette seg på følgjande måte:

Tema for merknader og for motsegn	Kommuneplan - arealdel	Reguleringsplan	Motsegnstema samla til Kp + Rp
Planfagleg/KU	8/ 1	72/ 5	6
Naturmangfald	3/ 1	21/ 1	2
Landskap	3/ 1	23/ 2	3
Friluftsliv	41 1	31/ 5	6
Grønstruktur	3/ 0	14/ 2	2
Strandsone	3/ 1	20/ 3	4
Vassdrag	1/0	8/ 0	0
Barn og unge	6/ 0	40/ 2	2
Universell utforming	3/ 0	5/ 0	0
Folkehelse	3/ 0	5/ 0	0
Landbruk	5/ 1	10/ 1	2
ROS	3/0	45/ 7	7
Støy	1/ 1	28/ 4	5
Forureining	1/ 0	9/ 0	0
Klima	13/ 0	3/ 1	1
Kjøpesenter	1/ 1	5/ 1	2
ATP	4/0	1/ 0	0
Anna	1/0	0/0	
Samla tal motsegnstema	8	34	42

Tabell: Merknader og Motsegner fordelt på plantema 1. kvartal 2014

Tema for merknader og for motsegn	Kommuneplan - arealdel	Reguleringsplan	Motsegnstema samla til Kp + Rp
Planfagleg/KU	10/2	79/1	3
Naturmangfald	5/1	27/0	1
Landskap	6/1	19/1	2
Friluftsliv	5/1	18/0	1
Grønstruktur	2/0	10/0	0
Strandsone	3/1	18/0	1
Vassdrag	3/0	11/0	0
Barn og unge	8/0	44/5	5
Universell utforming	0/0	4/0	0
Folkehelse	2/0	3/0	0
Landbruk	7/2	20/1	3
ROS	7/0	52/3	3
Støy	1/0	26/3	3
Forureining	1/0	14/0	0
Klima	11/0	3/0	0
Kjøpesenter	1/0	4/0	0
ATP	1/0	1/0	0
Anna	0/0	0/0	0
Samla tal motsegnstema	8	14	22

Tabell: Merknader og Motsegner fordelt på plantema 2. kvartal 2014

Tema for merknader og for motsegn	K-plan arealdel (N=4) og K-delplanar div	Reguleringsplan	Motsegnerstema samla til Kp + Rp
Planfagleg/KU	18/2	42/1	3
Naturmangfold	11/3	19/1	4
Landskap	6/2	12/2	4
Friluftsliv	7/0	20/2	2
Grønstruktur	4/0	7/0	0
Strandsone	9/2	13/0	2
Vassdrag	2/1	4/0	1
Barn og unge	5/0	23/1	1
Universell utforming	0/0	0/0	0
Folkehelse	1/0	0/0	0
Landbruk	15/3	14/0	3
ROS	9/1	27/0	1
Støy	3/0	14/2	2
Forureining	2/0	16/1	1
Klima	0/0	0/0	0
Kjøpesenter	1/1	1/0	1
ATP	3/0	2/0	0
Anna	1/0	0/0	0
Samla tal motsegnerstema	15	10	25

Tabell: Merknader og Motsegner fordelt på plantema 3. kvartal 2014

Tema for merknader og for motsegn	K-plan arealdel (N=4) og K-delplanar div	Reguleringsplan	Motsegnerstema samla til Kp + Rp
Planfagleg/KU	10/0	58/0	0
Naturmangfold	3/0	29/0	0
Landskap	3/1	19/2	3
Friluftsliv	2/0	19/0	0
Grønstruktur	2/0	3/0	0
Strandsone	2/1	18/1	1
Vassdrag	0/0	2/0	0
Barn og unge	3/0	48/9	9
Universell utforming	3/0	1/0	0
Folkehelse	2/0	1/0	0
Landbruk	6/0	12/0	0
ROS	3/0	42/0	0
Støy	0/0	35/5	5
Forureining	1/0	10/0	0
Klima	1/0	1/0	0
Kjøpesenter	1/0	3/1	1
ATP	0/0	0/0	0
Anna	0/0	1/0	0
Samla tal motsegnerstema	2	18	20

Tabell: Merknader og Motsegner fordelt på plantema 4. kvartal 2014

Tema for merknader og for motsegn	K-plan arealdel (N=4) og K-delplanar div	Reguleringsplan	Motsegnstema samla til Kp + Rp
Planfagleg/KU	5	7	12
Naturmangfold	5	2	7
Landskap	5	7	12
Friluftsliv	2	7	9
Grønstruktur	0	2	2
Strandsone	5	4	9
Vassdrag	1	0	1
Barn og unge	0	17	17
Universell utforming	0	0	0
Folkehelse	0	0	0
Landbruk	6	2	8
ROS	1	10	11
Støy	1	14	15
Forureining	0	1	2
Klima	0	1	1
Kjøpesenter	2	2	4
ATP	0	0	0
Anna	0	0	0
Samla tal motsegnstema	33	76	109

Tabell: oppsummering Motsegner fordelt på plantema 2014

I tabellane er det skilt mellom kommuneplan og reguleringsplan. Det er vidare skilt mellom ulike kategoriar eller fagtema der det i høyringssvara blir gitt nærmere kommentarar i form av merknader eller motsegner. Samletema knytt til natur og miljø (jf. Kategoriane *Naturmangfold, Landskap og Friluftsliv*) blir oftast omtalt/kommentert.

Når det gjeld råd og merknader er kategoriane *Planfagleg/KU, ROS* og *Barn og unge* og *Støy* dei det oftast er knytt kommentarar til.

I forhold til tema knytt til motsegn, ser vi at kategoriane *Planfagleg/KU, Landskap* og *Barn og unge* som oftast går igjen.

Kommuneplansakene vil oftast omfatte fleire motsegnspunkt knytt til ulike plantema, men gjerne også fleire motsegnspunkt knytt til same tema. T.d. vil det kunne reisast motsegn på grunn av landbruk/jordvern knytt til fleire delområde i planen. Motsegn knytt til same tema for ulike delområde i planen vil ikkje bli fanga opp av statistikken.

Den kommunevise oversikta (sjå tabell under) viser at talet på motsegner varierer kommunane imellom. Dette vil naturleg nok vere avhengig av at planaktiviteten er svært ulik kommunane imellom. Tendensen er altså at kommunar med flest planar/stor planaktivitet også har flest motsegner.

Kommunestatistikk plansaker 2014

Motsegn Kommuneplan (K) + Reguleringsplan (R); kommuneoversikt

	Kv. 1 01.01 – 31.03	Kv. 2 01.04 – 30.06	Kv. 3 01.07 – 30.09	Kv. 4 01.10 – 31.12	2014
Aukra		1R	1R	3R	4R
Aure		1R			1R
Averøy			1R	1R	2R
Eide				2R	
Fræna	1R	1R			2R
Giske	1R		1R		2R
Gjemnes					
Halsa					
Haram	1R	1R	1R		3R
Hareid					
Herøy	1K + 2R			2R	1K + 3R
Kristiansund					
Midsund					
Molde	3R	1R		2R	6R
Nesset					1R
Norddal	1R				1R
Rauma	2R				
Rindal					
Sande		1K	1K	1K	3K
Sandøy	1R				1R
Skodje					
Smøla					
Stordal				1R	1R
Stranda				2R	2R
Sula	1R	1R	1K		1K + 2R
Sunndal			1R		1R
Surnadal		1K			1K
Sykylven					
Tingvoll			1K	2R	3K
Ulstein				1R	1R
Vanylven					
Vestnes		3R			3R
Volda			1K		1K
Ørskog	1R				1R
Ørsta					
Ålesund	2R	1R	3R		6R
T.s. alle kom.	1K + 16R= 17	2K + 10R= 12	4K + 8R	1K + 16R	8K+50R=58

Tabell: Motsegnsaker FMMR fordelt på Kommune(del)- og Reguleringsplanar; kommuneoversikt

7. Mekling

Generelt om motsegn

Av reglane for motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova det framgår det m.a. at:

- Kommunen har ansvar for at nasjonale og regionale interesser blir tatt omsyn til i planlegginga.
 - Statlege og regionale organ skal medverke i planarbeidet slik at desse interessene vert innarbeidd i planane. Reglane om motsegn skal sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonal eller regional politikk.
- Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen.
 - Saka kan gå vidare, anten ved at kommunane endrar planen, det vert gjennomført mekling eller at planen går direkte til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Dersom kommunen tek motsegna til følgje og endrar planen må dei sende det reviderte planutkastet til etaten som har fremja motsegn.
 - Motsegna skal vere trekt formelt (skriftleg) før kommunen kan vedta (eigengodkjenne) planen.

For meir om motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova kan det visast til eit eige rundskriv H-2/14 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/rundskriv/2014/rundskriv-h-214--supplering-av-rundskri.html?id=751295>

Meklingsmøte

Fylkesmannen er meklingsinstans. Tre meklingar har vore gjennomført i løpet av 2014. I fleire saker har rett nok kommunane kome med førespurnad om mekling. Etter oppmoding frå Fylkesmannen om at partane tar ei ekstra runde med drøftingar/dialogmøte har ein her lykkast å finne løysingar utan å gå vegen om formell mekling. Fylkesmannen var sjølv part i alle dei tre meklingsmøta.

Sak	Kommune	Plantype/planområde	Motsegnspart	Tema til mekling
11/2014	Vanylven	KP arealdel	FMMR	Natur og miljøvern; Landbruk
13/4204	Fræna	KP arealdel	FMMR, MRfk	Natur og miljøvern, Landbruk, Kulturminne, RPR kjøpesenter
11/4679	Herøy	KP arealdel	FMMR	Natur og miljøvern, Landbruk, Naustforskrifter

Tabell: Saker til mekling FMMR 2014

Oversendingssaker til Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen. Saka kan gå vidare, anten ved at kommunen endrar planen, det vert gjennomført mekling , eller at planen går direkte til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet sitt vedtak i saka kan ikkje påklagast. Fylkesmannen har i 2012 og 2013 hatt fire plansaker som er oversendt for avgjerd i Miljøverndepartementet (overført til KMD frå 01.01.2014). FMMR har vore part i to av desse.

Sak	Kommune	Plantype /planområde	Motsegns-part	Tema til mekling	Oversendt MD	Møte/synfarin g og deltkarar
10/496 6	Skodje	Reg.plan Digernes	FMMR	RPB kjøpesenter	14.09.2012	20.11.2013 Skodje k, MD, MRfk og FMMR
11/609 6	Averøy	Reg.plan Uran	Statens vegvesen	Trafikksikring	22.10.2012	16.11.2013 Averøy k, MD, SVV, Vegdir, FMMR
10/426 6	Nesset	K-plan	FMMR, Sunndal k.	Landbruk; Natur- og miljø, Fiskeoppdrett	07.11.2012	26.06.2013 Nesset k, MD, Sunndal k, DN, LMD, SLF, KFD, FMMR
10/672 4	Sande	Reg.plan Storehaugen	MRfk	Automatisk freda kulturminne	25.04.2013	25.06.2013 Sande k, MD, MRfk, RA, FMMR

Tabell: Oversendingssaker til Miljøverndepartementet 2012 - 2013

I sakene med Skodje og Averøy har MD fatta avgjerd i tråd med tilrådinga frå FMMR. I saka med Sande kommune har MD gitt kommunen delvis medhald. Dette gjeld også saka med Nesset kommune som vart overført frå MD til det nye Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For ei samla oversikt over vedtak i motsegnssaker oversendt MD/KMD; sjå <http://www.regieringen.no/nb/dep/kmd/tema/plan--og-bygningsloven/plan/kommuneplanlegging/innsigelsessaker.html?id=434616>

Nye oversendingssaker i 2014

Fylkesmannen i 2014 fått tilsendt tre meklingssaker for vidaresending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette gjeld:

- Sak10/8293 Rindal kommune; kommuneplanens arealdel. Det er reist motsegn til deler av planen frå Reindriftsforvaltninga Sør-Trøndelag og Hedmark knytt til konflikt med tamreininteressene i samband med utviding av Langlia hytteområde.
- Sak 10/8293 Rauma kommune; reguleringsplan for Måsvatnet hyttefelt i Måndalen. Det er reist motsegn til planen både frå Fylkesmannen og frå fylkeskommunen på bakgrunn av konflikt med natur- og friluftsinteressene i området.
- Sak 11/4679 Herøy kommune; kommuneplanens arealdel Fylkesmannen har reist motsegn til forslag til planføresegner som opnar for nauststorleik over 40m» BRA.

Sak	Kommune	Plantype /planomr.	Motsegns-part	Tema til mekling	Oversend KMD	Møte/synfaring og deltarar
10/3519	Rindal	K-plan	Reindrifts-forvaltninga	Tamrein	24.04.14	05.06.2014 Rindal k; KMD, LMD, FMST, FMMR
10/8293	Rauma	RP Måsvatnet	MRfk og FMMR	Natur, miljøvern, landskap	22.05.14	18.09.2014 Rauma kommune; KMD, Klima- og miljødep, Miljødir, FMMR, MRfk
11/4679	Herøy	K-plan	FMMR	Naust-storleik	09.12.2014	

Tabell: Oversendingssaker til Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014

I saka med Rindal har departementet fatta avgjerd i tråd med tilrådinga frå FMMR. I saka med Rauma kommune har departementet stadfesta kommunestyret sitt vedtak. Motsegnene frå Fylkesmannen og frå fylkeskommunen vart såleis ikkje tatt til følgje. I saka med Herøy kommune har departementet pr. dato ikkje fatta endeleg vedtak. For samla oversikt over departementet sine avgjerder i motsegnssaker; sjå <https://www.regjeringen.no/nb/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/kommunal-planlegging/innsigelsessaker1/id2008038/>

8. Dispensasjonar og klager

Kommunale dispensasjonssaker

Det kan søkast om dispensasjon frå kommuneplan, bygge- og deleforbodet i 100-m beltet, eller frå reguleringsplan. FMMR har i 2014 behandla 605 dispensasjonssaker etter pbl. Dei fleste sakene er knytt til dispensasjon frå kommuneplanen. Statistikken for 2014 viser at om lag 85 % av dispensasjonssakene er knytt til kommuneplan og om lag 15 % av sakene til reguleringsplan. Om lag 1/3 av søknadane gjeld bygging i strandsona.

	Kv. 1 01.01–31.03	Kv. 2 01.04–30.06	Kv. 3 01.07–30.09	Kv. 4 01.10–31.12	2014
Samla disp.sak KP og RP	134	204	115	151	605
Ingen merknad	52	110	50	50	322
Merknad/fråråding	67	78	57	66	268
Varsel om klage	14	13	6	15	48
Klage	0	1	2	2	5

Tabell: Dispensasjonar og klagesaker 2014

Tema for merknader til disp.saker	Kv. 1 01.01–31.03	Kv. 2 01.04–30.06	Kv. 3 01.07–30.09	Kv. 4 01.10–31.12	2014
Naturmangfald	5	7	8	9	29
Landskap	4	12	9	11	36
Friluftsliv	6	9	10	10	35
Grønstruktur	0	1	2	1	4
Strandsone	12	27	18	30	87
Vassdrag	0	1	1	3	5
Barn og unge	2	3	2	2	9
Universell utforming	0	0	0	0	0
Folkehelse	0	0	0	1	1
Landbruk	9	29	18	23	69
ROS	4	18	4	10	36
Forureining	1	0	0	3	4
Støy	0	0	1	7	9
Klima	0	0	0	0	0
Kjøpesenter	0	0	1	3	4
ATP	0	0	0	1	1
Anna	3	13	11	7	34

Tabell: Merknader knytt til behandling av disp.saker fordeler seg slik på plantema for 2014

Store variasjonar kommunane i mellom

Oversikt over dispensasjonssøknader kommunevis, viser at det er store skilnader kommunane i mellom. I fleire kommunar ligg talet på dispensasjonssøknader svært høgt målt i forhold til storleik/folketal. Både kommunane og Fylkesmannen har felles interesse av at det blir færre dispensasjonar etter plan- og bygningslova. Frå Fylkesmannen si side blir det her peika på at oppdaterte og gode planar her vil gi politikarane og kommunane gode og tydelege styringsverktøy. Gjennom dette vil behovet for dispensasjonar kunne reduserast.

Dispensasjonssøknader fordelt kommunevis viser at Herøy og Fræna markerer seg med flest søker (over 40). I skiktet mellom 30 og 40 søker finn vi kommunane Averøy, Aure og Molde. Kommunar mellom 20 og 30 søker omfattar Skodje, Smøla, Gjemnes og Haram og Giske.

Tema for dispensasjon

Mange av dispensasjonssøknadene omfattar saksområde knytt til strandsoneforvaltning, jf. pbl §1-8 *Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*. Etter plan- og bygningslova § 1-8 er det eit generelt byggeforbod i hundremetersbeltet langs sjøen. Kommunen skal legge dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen til grunn ved handsaming av søker om tiltak her. Fleire av desse sakene gjeld søker om dispensasjon frå plan knytt til oppføring av naust og flytebrygge. Også saksområde knytt til landbruk/jordvern-interesser er godt representert. Fleire av desse sakene gjeld dispensasjonssøknader knytt til om frådeling av bustad- eller hyttetomt i LNF-område.

Klager fremma av Fylkesmannen på kommunale dispensasjonsvedtak.

Fylkesmannen har i 2014 berre klaga på 5 dispensasjonsvedtak, av desse er 3 knytt til strandsona. Dette tilseier at det kan byggast mykje i strandsona utan store konflikter med åmenne interesser. Ofte omfattar dette fortettingar med eksisterande naustgrupper, men også hus og hytter som er plassert tilstrekkeleg langt frå sjøen til å ivareta dei åmenne interessene i strandsona. Samstundes er det sendt varsel om klage knytt til 48 saker.

Kommunestatistikk plansaker 2014

Dispensasjon Kommuneplan (K) og Reguleringsplan (R); kommuneoversikt

	1.kvartal 01.01 – 31.03	2.kvartal 01.04 – 30.06	3. kvartal 01.07. – 30.09	4. kvartal 01.10 – 31.12	2014 01.01 – 15.12
Aukra	3	8	3	4	18
Aure	3	13	9	114	32
Averøy	7	17	1	14	39
Eide	4	2	4	2	12
Fræna	8	22	6	9	45
Giske	1	9	5	5	20
Gjemnes	4	6	7	5	22
Halsa	3	9	1	2	15
Haram	5	2	3	10	20
Hareid	5	3	1	2	10
Herøy	7	16	16	8	47
Kristiansund	1	2	1	3	7
Midsund	1	1	2	1	5
Molde	5	14	7	6	32
Nesset	4	5	1	6	16
Norddal	4	5	0	2	11
Rauma	8	6	2	9	25
Rindal	1	3	2	0	6
Sande	0	0	0	1	1
Sandøy	1	2	0	1	4
Skodje	1	8	8	10	27
Smøla	3	10	3	10	26
Stordal	1	2	1	0	4
Stranda	4	3	2	2	11
Sula	4	3	0	0	7
Sunndal	4	1	1	0	6
Surnadal	7	3	2	1	13
Sykkylven	4	2	4	4	14
Tingvoll	3	4	5	2	14
Ulstein	2	1	5	6	14
Vanylven	0	2	1	0	3
Vestnes	6	4	1	4	15
Volda	1	5	2	0	8
Ørskog	1	2	1	5	9
Ørsta	7	5	4	8	24
Ålesund	6	4	2	2	14
T.s. alle kom.	134	204	115	151	605

Tabell: Dispensasjonssaker etter pbl ; kommuneoversikt

Oppsummering

Mange saker og stor aktivitet

Statistikken over plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova til behandling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal for 2014 viser auke i det samla talet på saker/ekspedisjonar samanlikna med fjoråret. Av i alt ca 1140 plan- og dispensasjonssaker utgjer dispensasjonssakene åleine litt over halvparten. Desse sakene har også auka mest. Elles er det viktig å understreke at plan- og dispensasjonssakene varierer både i type, innhald og omfang – på same måte som plansituasjonen og planaktiviteten kommunane i mellom varierer. For å finne meir utfyllande forklaringar på observasjonar og utviklingstrekk vil det derfor vere behov for å gå nærmere inn i statistikken. Mange av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Dette gjeld i første rekke mange av kommuneplansakene. Også fleire av dei interkommunale og regionale plansakene har vore omfattande og ressurskrevjande.

Nye krav til kommunal planlegging – spørsmål om kompetanse og kapasitet

Innføring av ny plan- og bygningslov stiller nye og utvida krav til Fylkesmannen både som sektormyndighet og som samordnar. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* og *Kommunal planstrategi* nye oppgåver og utfordringar har stilt kommunane over for nye oppgåver og utfordringar. Med større vekt på kommuneplanens samfunnsdel som eit overordna strategisk styringsdokument, vil dette legge føringar for både arealplanlegginga og verksemdsplanlegginga i kommunane. Ei utfordring for mange kommunar er likevel knytt til spørsmål om både kompetanse og kapasitet på planområdet. Særleg ser vi at fleire av dei mindre kommunane er avhengige av å kjøpe fagtenester.

Søkelyset på ei meir integrert og samordna kommuneplanlegging vil elles naturleg ta utgangspunkt i tverrfaglege tema som *Berekraftig utvikling, Klima, Barn og unge, Universell utforming* og *Folkehelse*. I samband med dette vil Fylkesmannen saman med fylkeskommunen spele ei meir aktiv rolle i forhold til kommunane sitt behov for tidleg kontakt, rettleiing og oppdatert plankompetanse. I tråd med dette gjennomførte Fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen og KS ein tre-dagars plankonferanse 4. – 6- november der søkelyset m.a. vart retta mot tema som bumiljø, støy og folkehelse.

Større vekt på strategisk og tverrsektoriell planlegging

Med den kommunale planstrategien blir utfordringar og strategiske val nærmare drøfta. Vidare blir både status for overordna planar etter plan- og bygningslova og planar for ulike kommunale tenesteområde nærmare gjennomgått og vurdert. Behovet for oppdaterte kommuneplanar vil vere eit viktig vilkår for utvikling og styring av kommunane som samfunn og som organisasjon. Departementet har i særskilt påpeika Fylkesmannen si oppgåve med å sjå til at kommunane har oppdaterte kommuneplanar. Kommunane i Møre og Romsdal har tidlegare gjennom arbeidet med communal planstrategi varsle oppstart med hovudrullering av sine kommuneplanar i inneverande kommunevalperiode (2011 – 2015). Dette omfattar både samfunns- og arealdelen. Dei fleste kommunane er godt i gang med slik rullering, og nokre har også fått gjort vedtak om nye, oppdaterte planar. Samla inngår dette som eit viktig verktøy for samfunnsstyring og tenesteproduksjon. I 2015 vil nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging legge føringar for kommunane sitt arbeid med utarbeiding av neste runde med kommunale planstrategiar for perioden 2016 – 2019. Dette arbeidet vil

elles kunne inngå som eit viktig verktøy knytt til det pågåande kommunereformarbeidet og til det utgreiingsarbeidet som kommunane er pålagt å utføre i samband med dette.

Særleg sokelys på barn og unge

Fylkesmannen har i sine høyringsmerknader i særleg grad har utfordra kommunane i forhold til å ta særskild omsyn til barn og unge sine interesser. Dette omfattar m.a. krav til gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tilrettelegging og opparbeiding av leikeplassar, friareal og gang- og sykkelvegar. Meir konkret kjem fokus på barn og unge sine interesser til uttrykk også gjennom at dette er det tema/saksområde som det (på same måte som i fjor) oftast blir reist motsegn til. I tillegg ser vi også at talet på saker med merknader eller motsegn til tema støy har auka kraftig. Større veg- og kommunikasjonsutbyggingar, ofte i kombinasjon med sentrums- og fortettingsprosjekt, forklarar mykje av dette.

Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar har kommunane i sterkare grad retta sokelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til tema som folkehelse og levekår. Med den nye *Folkehelselova* og med *Samhandlingsreforma* har kommunane fått eit større ansvar knytt til førebyggande folkehelsearbeid. Folkehelse og levekår vil slik kunne løftast opp og inngå som eit gjennomgående perspektiv i den kommunale planlegginga. Folkehelse er også eit nyt tilsynsområde for Fylkesmannen i 2014. I samband med dette vart det hausten 2014 gjennomført slikt tilsyn i kommunane Skodje, Averøy og Herøy. Felles for det kommunale folkehelsearbeidet er den nære koplinga til det kommunale plansystemet forankra i prosessreglane etter plan- og bygningslova.

Forventningar og krav til Fylkesmannen

I embetsoppdraget for 2014 peikar Kommunal- og moderniseringsdepartementet på Fylkesmannen si rolle knytt til aktiv oppfølging og deltaking i regionale og kommunale planprosessar. Fylkesmannen skal legge særleg vekt på å formidle nasjonale føringar og interesser slik desse m.a. kjem til uttrykk gjennom nasjonale forventningar, stortingsmeldingar, statlege planretningslinjer/rikspolitiske retningslinjer og bestemmelser. Fylkesmannen si samordningsrolle i forhold til statlege regionale myndigheter blir framheva, likeeins behovet for å prioritere deltaking i regionalt og kommunalt planarbeid frå ei tidleg fase, og varsle om eventuelle konfliktar så snart som mulig. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen vil i samband med dette også vere å sikre kommunane ansvar og tilstrekkeleg lokalt handlingsrom innanfor dei rammer og retningslinjer som er gitt frå nasjonalt og regionalt nivå. Styringssignalar frå departementet peikar m.a. her på at:

- Flest mulig saker skal løysast så tidleg som råd
- Krav om meir effektiv behandling av plansaker etter pbl
- Sørge for tidleg medverknad og dialog
- Viktige interesser skal kome fram så tidleg som mulig
- Rask og effektiv saksbehandling
- Hensynet til lokaldemokratiet skal tilleggast større vekt
- Motsegn skal berre fremjast når nødvendig og skal alltid grunngivast konkret. Fylkesmann og fylkeskommune skal samarbeide og samordne motsegner m.a. gjennom bruk av planforum og gjennom mekling.

Departementet har sett i gang prøveordningar med utvida oppgåver/fullmakt til Fylkesmannen knytt til samordning av statlege motsegner. Forsøksordninga vil i 2015 bli utvida, og FMMR har i desember 2014 søkt om å få delta i det utvida forsøket.